



Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020 Bergen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/2921 - 18/29387

Saksbehandlar:

Kjartan Nyhammer

kjartan.nyhammer@lindas.kommune.no

Dato:

25.09.2018

Uttale til søknad om tilskot til utsiktsrydding på gbnr 234/6 og 234/60 Eide ytre

Det vert synt til søknad om tilskot til utsiktsrydding, mottatt på kontoret 31.08.2018

Underteikna har gått igjennom søknad med alle vedlegg og etterspurd uttale frå Statens Vegvesen knytta til planlagt rydding langs E39. Uttale frå Statens Vegvesen vart motteke 24.09.2018.

Lindås kommune har i lengre tid oppfordra til rydding på denne strekninga. Det vil gje veldig mykje og flott utsikt ved rydding av eit relativt lite areal, 16 dekar, sett i høve til mange andre søknader ein er gjort kjent med. E39 er ein særst trafikkert veg og vil gje ei god oppleving for mange. Utsikta vil bestå av velstelt kulturlandskap og Osterfjorden med Osterøy/Fotlandsvåg på andre sida.

Søklar nyttar arealet som utmarksbeite i dag, men ved å fjerna krattskogen vil det heva kvaliteten på beita betrakteleg. Søklar har eit omfattande husdyrhald med storfe og sau i ein relativt ny driftsbygning. Søklar og grunneigar har inngått avtale om at det vert søkt utsiktsrydding med påfølgjande avtale om beiting.

Planlagt arbeidsmetodikk er felling av skog med motorsag, ta vare på det som er eigna til ved og sende resten gjennom flishoggar.

I tillegg til å gje utsikt, betre beiter og ved vil også ryddinga betre trafikktryggleiken på det 300 meter lange strekket betrakteleg. Det er ein stygg sving rett nord for det omsøkte arealet. Der er no granskogen fjerna av hogstmaskiner nyleg. Det er høg fart på strekninga tross 70 – sone, det er mykje tungtransport på denne vegen og det skjedde ei tragisk dødsulykke her der to søstre omkom for nokre år sidan.

Med helsing

Kjartan Nyhammer
landbrukssjef

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Jahn Tommy Midtgård

Eiudavegen 456A 5993

OSTEREIDET

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310 5020

Bergen